

## **”Vi vil vidare!”**

Visjonsforedrag under Horisont 2011 ved gensek Rolf Kjøde

”God is on the move” var eit mantra då vi var samla til verdskongressen for misjon i Cape Town i fjor, der vi dag etter dag, kveld etter kveld fekk del i sterke vitnemål frå den verdsvide kyrkja om korleis evangeliet gjer si gjerning i menneske og samfunn. Vi fekk i liten del presentert ei rosenraud historie om kyrkja sin framgang på alle frontar. Tvert om blei vi kalla til å snakke ærleg også om dei smertene som den verdsvide kyrkja ofte lever under, enten det er fattigdom, forfølgning, maktspel, dårleg leiing, grunn trusforståing og mangel å på sann etterfølgning av Jesus Kristus. For sjølv om det er sant at evangeliet har framgang på dei sørlege kontinenta, er det mønsteret at det skjer under kors og trengsel. Gjerne med teikn og under, men alltid under kors og trengsel. Men altså, midt i dette: God is in the move. På norsk betyr uttrykket meir enn at Gud beveger seg, meir i retning: ”Gud har noko på gang!” (Sjølv i denne søte juletid, får vi i vel unngå omsettinga ”Gud er på veg”, med alt som kan leggest i den.)

Gud har noko på gang. Det er derfor vi vil vidare. Ofte nok har vi sentrert misjonsoppdraget om oss sjølv. ”Vi vil ...” Faren med alle strategiar som vi legg og organisasjonar og kyrkjer som vi bygger er at vi kjem i sentrum og skaper vårt eige rike som resten av historia går med til å vedlikehalde. Men i ein sunn teologi er misjonens omdreingspunkt alltid at Gud vil. Ikkje berre er han startpunkt. Han er heile drivkrafta. Det er i Guds eigen misjon vi vil gå vidare med evangeliet. La dette forplante seg i deg når vi no er i ferd med å stige ut av juletida: Det var Gud som sendte først. Han sendte Jesus som frelsar. Han sendte Anden som nyskapar. Og han sender oss til å gå saman med Jesus i Andens kraft slik at menneske skal få oppleve evangeliets kraft, vitna av menneske i kjøt og blod.

Vi vågar å gjere ”Vi vil vidare!” som tema for Horisont 2011 nettopp fordi vi kjenner kallet og drivet frå han som tok å på seg å sprengje grensene inn til oss. Kva kan det bety for Normisjon i 2011 – og i den framtida Gud måtte gi oss?

## **1) Vi vil djupare**

Kyrkje og misjon er ikkje utanfor denne verda og må naturlegvis organisere seg og finne dei mest mulig funksjonelle måtane å drive seg sjølv på. Likevel er svaret på dei store utfordringane vi står overfor ikkje primært av organisatorisk art slik at alt blir så mykje bedre med nye strategiar, omorganisering, proffare leiarutdanning eller marknadsriktig styring på økonomi og innsamling. Det er vår vestlege åndelege villfaring å tru at svaret ligg i marknaden. Dei vestlege samfunnverdiane er ofte problemet i verdsmisjonen, slett ikkje svaret. Problemet er ikkje at vi brukar verdsleg kunnskap til å skape best mulige driftsmessige funksjonar. Problemet oppstår når vi gir oss til å dyrke strategiar, leiarar, organisasjonsformer, system, suksesshistorier og suksessteoriar som avgudar i jakta på framgang. Vi er flinke til å analysere andre kulturar for å skjelne korleis vi i misjonen skal takle det som bryt med kristen tenking, men vi er utruleg lite flinke og kanskje også lite villege til å ta innover oss korleis den ikkje-kristne kulturen som vi sjølv omgir oss med påvirkar oss til å vende tanken bort frå Gud. Vår kultur har gitt oss sine gudar. Når søskena våre frå sør ser på oss, spør dei korfor vi så lett har bøygd kne for alle ismane i kulturen vår. Materialisme. Individualisme. Skiljet mellom åndeleg og verdsleg. Tilliten til marknadskreftene og aksepten for den sterkaste sin rett. Spørsmålet går ikkje berre til den enkelte av oss men til kyrkje og misjon. Kven og kva stolar vi egentleg på? Kven og kva set vi vår lit til? Luthers forklaring til det første bodet seier at det som vi set vår lit til, er gud for oss.

”If you want to go wider, you need to go deeper,” var budskapet frå ein framståande afrikansk kyrkjeleiar til misjons-Norge sist haust. Der er ingen kvikk fiks for åndeleg vekst. Vi må alltid til kjeldene, Guds eigne kjelder. Vi må dit som enkeltpersonar, og vi må dit som fellesskap. ”You must come back to the power in prayer and fasting,” sa pinseprofessoren frå Korea i same samlinga, og metodistbiskopen frå Malaysia følgde opp: ”I wonder: Do you really believe in everlasting life? And do you believe that there is a fight against spiritual powers?” Dei hadde hatt som oppgåve å registrere norsk kyrkjeliv over ei tid og skulle dele med oss kva som er

hovudutfordringane for norske kristne. Eg trur dei traff spikaren på hodet: Vi er i intenst behov for åndeleg fornying i langt større grad enn nye program og idear, strategiar og metodar.

Vi må tilbake til ein aktiv og tillitsfull omgang med Guds ord og til eit liv der bønna utgjer sjølve hjartetslaget i alt vi driv med. Det uroar meg når vi som begynte som ei rørsle av lekfolk som kjente Guds ord, stadig oftare hører frå våre eigne at dei ikkje kan uttale seg om teologiske spørsmål, fordi dei ikkje er teologar. Ofte trur eg dette uttrykker ein form for åndeleg latskap og ansvarsløyse og ei lettvent orsaking for teologisk relativisme. Vi må gjenvinne trua på at Guds ord er klart. Ikkje alltid lett, det skulle berre mangle når det handlar om Gud – han som vi aldri kan fatte fullt ut. Men med Eugene Petersons bilde på etterfølging, ”lang lydighet”, treng vi å bryte ut av den åndelege latskapen og øve oss i tru på, forståing av og lydighet til Guds ord. Kva seier det om trua vår når vi veit at Gud har openberra seg sjølv og sin vilje for oss i Bibelen, at vi berre overlet den til teologar og fagfolk? ”Guds ord var dyrt i dei dagane og av syner var det få,” les vi i 1.Sam.3.. Då reiste Gud opp ein ungdom som ikkje var opplært i å lytte til Guds stemme men som var lydig då Gud kalla på han, sjølv om han måtte stå opp mot heile presteskapet i Israel. Normisjons veg framover er å be om at Gud openberrar seg på nytt for oss så vi blir glade i ordet hans og at han reiser opp nye unge som ropar vekkingsbodskapen inn i oss.

Vi må tilbake til bønna sitt uproduktive liv. Sjølv bønneteologien har vi klart å øydelegge med marknadstenking, ein effekt vi kan oppnå gevinst av. Det er ikkje Bibelens tanke om bønna. Bønnelivet slik det stig fram for oss i Guds ord er prega av hjartets opning mot Gud. Bønna er ikkje å oppnå noko. Det er den umodne bønna som berre søker Guds gåver. Disippellivets bønn vender seg meir og meir frå Guds gåver til Gud sjølv. Bønna er trua si uttrykksside, ikkje som ei anstrengt øving i å tru slik at eg oppnår gevinst, men hjartets lengsel etter fellesskapet med Gud. Bønn er ikkje magi som skal manipulere Gud. Kven trur vi at han er? Bønn er barnets uttrykksfulle fellesskap med Far. Der høyrer vel begjær og behov også heime, men Jesus er tydeleg på at det slett ikkje er hovudsaka: ”Dykkar himmelske Far veit kva de treng før de ber.” Bønna er djupast set

å lukke Jesus inn, slik Ole Hallesby uttrykker det i ”Fra bønnens verden”. Vi treng leiarar i Normisjon som aktivt går fremst i slik bønn og tilbeding.

## 2) Vi vil tettare på

Vi må tilbake til trusfrimod i samfunnlivet. Trua er ikkje privat. Det er eit av dei heidenske moderne dogma som vi har vendt oss til å tru på og leve etter. Samtidig er det vegen til mindre tru på Jesus i samfunnet. Det positive ved samfunnsutviklinga er at vi kan slutte å tru på den verdslege makta som evangeliets garantist. Den kristne kulturen hadde mange velsigningar. Blandinga av kyrkjemakt og statsmakt var ikkje ei av dei. Evangeliet treng ikkje dei krykkene. Vi treng derfor ikkje bekymre oss for mykje over at samfunnsinstitusjonane gjennom politikk, kultur og media yter motstand mot kristen tru. Det er kyrkjeleg normaltilstand elles i verda, og det hindrar sjeldan evangeliet. På den andre sida treng vi å ha eit offensiv syn på kva konsekvensar evangeliet har i folkeliv og samfunnsliv, slik både klostera og pietismen i si tid skapte det som var av sosialvesen, helsestell og skolegang. Vekkinga ved Hans Nielsen Hauge hadde også ei samfunnsmessig forvandlande kraft for generasjonar i landet vårt. Siste nytt frå EU er at dei no gir ut ein kalender som har tatt bort dei kristne høgtidene, slik at ingen skal bli støtt. Derimot har dei store jødiske, islamske og hinduistiske høgtidene blitt synleggjort. Ingenting galt med det siste, men kor lenge skal vi som kristne berre sitte på baken som tilskodarar til det store kulturskiftet som skjer? På kva måte skal vi framover øve ei djupare i påvirkning på kulturen vår? Vegen går ikkje gjennom kyrkjelege samfunnsprivilegium men gjennom bygging av kristne fellesskap av disiplar som gjennomsyrrar samfunnet og kulturen ved å leve ut dei verdiane som mange lengtar etter. Vi har ein lang veg tilbake til ein kristen tanke og kristne verdiar i samfunnet, men vi må begynne med å hjelpe kristne menneske i dette landet til å finne samsvar mellom kristen tru og tanke og gjenvinne ei kristen røyst i samfunnsdebatten. Normisjon må bygge kristne fellesskap som hjelper trua og tanken til eit integrert liv i samsvar med Guds ord. Dette er oppgåve nummer ein for store delar av skoleverksemda vår.

Hos Jesus blir dette uttrykt i bilda om at vi er salt og lys i verda. Det seier for det første to ting om verda: Den råtnar av seg sjølv, og den er i eit naturleg mørke. Kreftene i verda er tankebygningar som reiser seg mot kunnskapen om Gud. Kunnskapen er der, men den er uønska. Inn i dette er vi kalla til å vere lys og salt. Kristne som veit kven dei er og bygger fellesskap av disiplar i lokalmiljøet, utgjer ein forskjell. Vi er – ved evangeliet – ei kraft mot den moralske råttenskapen og følgjer han som kan gi det einaste og evige livs håp. Vi kan ikkje skjulast, det er imot evangeliets vesen. Vi ligg åpent til som ein by på eit fjell, liksom vi åpent legg fram sanninga utan falsk spel. Guds ord seier derfor at det vi representerer som lys og salt vil vekke provokasjon. Vi vil bli baktalt for dei gode gjerningane våre, men ved desse skal folk også prise Gud.

Her er vi ved noko av diakoniens ofte skjulte side. Vi er blitt så opptatt av å seie at diakonien er eit mål i seg sjølv at vi gløymer Bibelens klare tale om at vi ved det gode også vitnar evangeliet og drar menneske til Kristus. Naturlegvis er det eit mål i seg sjølv å gjere godt mot menneske. Det kan både kristne og ikkje-kristne gjere. Men for den som følgjer Jesus kan dei gode gjerningane – om dei blir gjort av individ eller av disippelfellesskapet, aldri skiljast frå evangeliet, frå trua, frå livet i følgje med han som elska oss først. Eg trur diakonien er noko av det viktigaste framover på handlingssida for det kristne fellesskapet. Diakonien gjer oss truverdige som vitne. Faktum er at diakonien i NT ikkje i første omgang er retta mot verda utanfor men mot kvarandre i disippelfellesskapet. Den var aldri eit program i urkyrkja men først og fremst ein livsstil, måten dei kristne tok seg av kvarandre på. Diakoni handla om relasjonar, om kjærleik til søskena, om å ta seg av Guds familie. Denne diakonale kjærleiken synes å ha hatt ei enorm tiltrekkingskraft i samtida. Den tida kan komme igjen i Norge også, og Normisjon må bevisstgjere seg på korleis vi vil tenke og handle diakonalt som lokal fellesskapsrørsle. Det er inga krise at kyrkja har tapt politisk makt. Kyrkja si krise er når den taper evangeliets, nådens, Andens og kjærleikens kraft. Eg trur på evangeliets transformerande kraft på nytt i vår kultur og i vårt folk, men då må det folket som følgjer mannen frå Nasaret finne kvarandre i kjærleikens fellesskap med tillit til Guds ord og bønn. I Normisjon er vi velsigna med ein skare av barn og unge.

Utfordringa vår framover er å gi dei eit sant bilde av kva de betyr å følgje Jesus Kristus og sette ein modell for dette i lokale fellesskap som er lys og salt i sine miljø.

### 3) Vi vil mot horisonten

Normisjons driv skal vere mot horisonten. Kva betyr det? Kyrkje og misjon er ikkje endelege mål. Kyrkje og misjon skal ta slutt. Guds rike skal aldri ta slutt, og det er Guds rike vår misjon siktar mot. Det er ikkje misjonens oppgåve å skape den horisonten. Gud skal la Riket bryte fram i hans rette tid, men vi er kalla til å gå mot det og invitere til det.

Horisonten er det ytterste, målet så langt som vi kan sjå det. Kva betyr det for Normisjon at vi siktar dit? Først og fremst betyr det at vi siktar mot menneskes frelse. Igjen er ikkje vår vilje den avgjerande. Når vi i misjon alltid må ha det skarpaste fokuset på å nå menneske med evangeliet, er det fordi Gud vil at alle menneske skal bli frelst og kjenne sanninga. Vi vil, fordi Gud vil. Under misjonskongressen i Cape Town fekk vi sterkt og klart understreka at vi i misjon må møte den reelle nøden, både den verdslege nøden med fattigdom og urett og den evige åndelege nøden at menneske går fortapt utan Jesus Kristus. Dette betyr at både diakonien og evangeliseringa skal ha sin naturlege og rette plass i kristen misjon. Men Lausannepakta understrekar tydeleg at der alltid skal vere ein prioritet til evangeliseringa. Det trur eg er i samsvar med Bibelens kall til oss. Menneskeleg nød og urett treng mange aktørar, både politiske og trusbaserte. Den evige nøden kan berre adresserast av oss som kjenner evangeliet om Jesus. Den er vår særlege motivasjon og vårt særlege oppdrag å forkynne inn i. Horisonten er også at den rettferdige Gud skal halde dom. Frå ei side sett kan vi glede oss over det, fordi alt er så urettferdig dersom døden er siste ordet. I dommen skal Gud sørge for at rettferda seirar til slutt. Samtidig har dommen ei skrekkeleg side. Vi skal møte Gud til rekneskap med liva våre. Vi som har fått evangeliet, skuldar å dele det med så mange som mulig, fordi evangeliet handlar om at Gud har tatt oppgjer med oss i Jesu død for syndene våre. Derfor kan alle menneske møte ein nådig Gud på dommens dag.

Lar vi smerta over fortaping og gleda over evangeliet drive oss slik at vi veit kva som er hovudsaka i Normisjon? Blir menneske frelst? Siktar vi mot at menneske skal bli frelst? Er det drivet vårt? Eg trur at drivkrata i dette berre kan forkynnast fram. Derfor er det eit stort dilemma for oss at evangelist- og forkynnartenesta i så stor grad er blitt erstatta av konsulentar og ekspertar. Trua kjem av forkynninga, seier Paulus, som konklusjon i eit avsnitt om – misjon. Det er ei prioritert oppgåve framover for oss å få tilbake forkynnaren og evangelisten i Normisjon. Eg trur neppe vi skal ha tilbake skarar av lønna heiltidsforkynnarar, men vi treng å prioritere utrusting og frimodiggjering av frivillege som vil bruke desse nådegåvene til sjølv å forkynne og til å gjere fellesskapa våre i stand til å vere evangeliserande. Og vi treng tilsette i Normisjon som kjenner det slik som Paulus: ”For om eg forkynner evangeliet, så er ikkje det noko å skryte av; det ligg på meg som ein tvang. Ve meg om eg ikkje forkynner evangeliet!” Lavare kan vi ikkje sikte.

Normisjons horisont er verdsvid. Om målet er at menneske skal bli frelst, må vi ta innover oss at ein tredjedel av verdas folk er heilt uberørt av evangeliet, fordi der ikkje er noko å dele det med dei. 86 % av jorda sine muslimar, hinduar og buddhistar kjenner personleg ingen etterfølgar av Jesus Kristus. Om verdsmisjonen si utfordring skal kokast ned til ei utfordring, er det denne. Jesus seier at evangeliet om Riket skal forkynnast til vitnemål for alle folkeslag, så skal enden komme. Då snakkar vi om den ytterste horisonten. Skulle han ha rett i det, må verdsmisjonen framover sikte mot dei områda der oppdraget har nådd kortast. Då snakkar vi om store delar av Asia og det muslimske Afrika. Normisjon si plassering i Mali, Aserbajdsjan og i og rundt India er heilt til kjernen av dette. Korleis nærveret vårt i desse områda vil sjå ut framover, er usikkert. Dels står vi ved dører som er stengt for norske misjonærar. Samtidig er vi kome veldig kort i å utvikle teltmakarstrategiar. Det blir heilt sikkert eit vekstområde. Nesten overalt er mønsteret at vi må samarbeide med kyrkjer og organisasjonar i sør om oppdraget. Det legg basis for langt større ringvirkningar.

Kva så med Europa? Framleis er over 70 % av Europas befolkning kulturelt tilhørande kristne kyrkjer, men med 2,5 % evangelikale kristne, er vi suverent minst i verda. Tsjekia er verdas einaste land med ein sekulær majoritet - på over 70 %. Denne gruppa er svært stor også i Estland og Nederland. Bosnia og Albania har muslimsk majoritet. Og slik kunne vi halde fram med tall som viser ei svært alvorleg utvikling som eg er overbevist om at også vi i Normisjon må adressere tydelegare. Vi trur ikkje at Gud har gitt opp Europas sekulære folk og fleirreligiøse innvandrarakar. I Norge kjem fleirtalet av innvandrarakar frå land med kristen dominans. Nettopp derfor er innvandringa kanskje Guds eigen peikepinn for korleis misjon i Europa vil skje framover, der vi heilt direkte kan gå saman med velsigninga frå sør i oppdraget med å nå vidare med evangeliet. Til no har vi i Normisjon i stor grad respondert på det interkulturelle som noko vi står overfor. Framover må det vere ein del av oss. Vi må bort frå tenkinga om søsken frå sør som diakonale objekt og aktivt tenke dei saman med oss som misjonale subjekt. Klarer vi det her heime, har vi posisjonert oss bedre for den store oppgåva som Europa utgjer som misjonsutfordring framover, på eit kontinent som er blitt heim for mange representantar for unådde folkeslag i Asia og Afrika. Ser vi Guds finger i dette?

### **Finale: Vi vil vidare!**

Då evangeliet først gongen kom til Europa, skjedde det i ein sterk åndskamp der Anden stadig hindra Paulus i hans eigne planar og tankar. Til slutt forstod han at Gud drog han mot nye menneske, nye folkeslag, nye utfordringar: Kom over til Makedonia – dvs Europa. Evangeliet vil vidare. Derfor vil vi vidare. Vi må be Gud om å vise oss kva som er Makedonia framover for Normisjon og følgje Jesus lydige overalt dit han kallar oss. Eg trur styrking av den kristne familien og utvikling av fleirgenerasjonsmenigheten er eit slikt kall. Trua og disippellivet må formast frå dag ein og slik danne grunnlag for livslang slitestyrke og verdsvid etterfølging. Må Gud leie oss ved sin Ande.